




Sykkylven
kommune

Handlingsrettleiar for førebygging og handtering av bekymringsfullt fråvær i barnehage og skule

Tidleg innsats og tverrfagleg samhandling



Innhold

Kapittel 1: Innleiing og generell informasjon	3
1.1. Målsetting	3
1.2. Bekymringsfullt fråvær	3
1.3. Årsaker til fråvær	3
1.4. Førebygging av ufrivillig fråvær	5
1.5. Forståing av fråværet	5
1.6. Risiko- og beskyttelsesfaktorar	6
1.7. Kompetanseheving	7
Kapittel 2: Kunnskapsmodellen «barnets behov i sentrum»	8
2.1. Om kunnskapsmodellen	8
2.2. Kunnskapsmodellens bruksområde	8
2.3. Kunnskapsmodellens oppbygging	8
2.4. Barnets stemme	9
Kapittel 3: Tiltakstrapp for barnehage	11
Trinn 1: Førebygging og informasjon	11
Trinn 2: Observasjon og kartlegging	12
Trinn 3: Oppfølging og tiltak	12
Trinn 4: Tverrfagleg samarbeid	13
Trinn 5: Overgang til barneskule	13
Kapittel 4: Tiltakstrapp for barneskule	14
Trinn 1: Førebygging og informasjon	14
Trinn 2: Observasjon og kartlegging	14
Trinn 3: Oppfølging og tiltak	15
Trinn 4: Tverrfagleg samarbeid	16
Trinn 5: Overgang til ungdomsskule	16
Kapittel 5: Tiltakstrapp for ungdomsskule	17
Trinn 1: Førebygging og informasjon	17
Trinn 2: Observasjon og kartlegging	18
Trinn 3: Oppfølging og tiltak	18
Trinn 4: Tverrfagleg samarbeid	19
Trinn 5: Overgang til vidaregåande skule (vgs.)	19
Kapittel 6: Evaluering og revidering	21

Kapittel 7: Oppsummering	22
Ressursar	23
Nyttige lenker.....	23
Nyttige verktøy og skjema.....	23
Meir om BTI	23
Nyttige kurs	23
Kjelder.....	24
Vedlegg	25
Vedlegg 1: Nærværsteamet.....	26

Kapittel 1: Innleiing og generell informasjon

1.1. Målsetting

Føremålet med handlingsrettelearen er tidleg koordinering av tiltak og støtte i høve barn og elevar som har bekymringsfullt fråvær frå barnehagetilbodet eller undervisning i grunnskulen. Handlingsrettelearen omhandlar også barnehagen for å sikre ein felles forståing om at grunnlaget for bekymringsfullt fråvær kan vise seg så tidleg som i barnehagen.

Handlingsrettelearen skal gi gode rutinar for systematisk registrering og oppfølging av byrjande fråvær, slik at ein kan førebygge framtidig skulevegring. Samstundes skal den gi retning for det tverrfaglege samarbeidet i Sykkylven kommune knytt opp til barn og elever med bekymringsfullt fråvær.

Ved bekymringsfullt fråvær skal tiltak setjast inn så tidleg som mogleg. Ein skal unngå å vente til fråværet vert høgt.

1.2. Bekymringsfullt fråvær

Dei tilsette i Sykkylven kommune sine barnehagar og skuler skal vere bekymra for barn og elever når deira fråvær frå det pedagogiske opplegget, og det sosiale fellesskapet i barnehage eller skule, er av eit omfang, og ein hyppigheit som medfører bekymring knytt til barnets faglege utvikling, samt barnets sosiale tilhøyrse og utvikling.

For grunnskulen spesielt gjeld følgjande for kva som vert rekna som bekymringsfullt fråvær:

- Ugyldig fråvær frå undervisning i einskildtime (udokumentert).
- Forseintkoming til undervisning meir enn 1 gong i løpet av ei veke.
- Fråvær meir enn 3 einskilddagar i løpet av ein månad.
- Meir enn 10% fråvær i løpet av semesteret (sum av dokumentert og udokumentert fråvær). Dette utgjer om lag 10 dagar hausthalvåret og 10 dagar vårhalvåret.

1.3. Årsaker til fråvær

Fråvær er å sjå på som eit symptom på noko som er utfordrande eller vanskeleg i livet til barn og ungdom. Det er vesentleg at dette blir forstått i eit heilskapleg perspektiv, slik at det ikkje leitast etter individuelle årsaksforklaringar (Ingul et al., 2012).

1.3.1. Fråvær i barnehagen

Barnehagen er eit frivillig tilbod, og ein kan difor ikkje stille same krav til frammøte som i den obligatoriske skulen. Det er likevel viktig å understreke at barnehagen er

det første trinn i barna sitt utviklingsløp, og at grunnlaget for læring, meistring og sosial kompetanse vert lagt her. Hos enkelte barn er teikna på skulevegring synlege allereie i barnehagen. Dette er utfordringar som held fram inn i skulen, og gjerne veks seg større der.

Føresette spelar ei nøkkelrolle og har eit særskilt ansvar for å etablere gode rutinar for nærvær i barnehagen. Dette er viktigare dess eldre barna blir, og dess meir skulestarten nærmar seg. Det siste året i barnehagen er særleg viktig. Terskelen for å halde barnet heime bør vere høg, og barnehagen har eit ansvar for å formidle til dei føresette kva som skal til for å halde barnet heime.

Føresette skal få naudsynt hjelp og støtte så tidleg som råd dersom eit barn vegrar seg mot å gå i barnehagen. Årsakene kan vere mange og samansette. Barnehagen skal hjelpe dei føresette med tiltak og tilrettelegging, og eventuelt kontakte eksterne støtte- og hjelpefunksjonar (t.d. BTI-team) slik at naudsynt kompetanse vert kopla på. Utrygge barn treng ein tydeleg struktur og føreseielege barnehagedagar. Utrygge føresette treng kunnskapsbasert bistand.

Personalet i barnehagen har eit særskilt ansvar for å sjå etter teikn på at barnet mistrivst i barnehagen, og på å avdekke bekymringsfullt fråvær. Barnehagen skal forsøke å finne ut årsakene til fråværet, og setje inn naudsynte tiltak. Føresette skal oppleve at barnehagen ivaretek barna deira på ei god måte, og barna skal oppleve at barnehagen er ein trygg og god stad å vere. Difor er arbeidet med trygt og godt barnehagemiljø det viktigaste førebyggjande tiltaket (jf. barnehagelova kapittel 8).

1.3.2.Fråvær i skulen

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskuleopplæring i samsvar med Opplæringslova med tilhøyrande forskrifter, men det er fleire lovverk som er relevante for å sikre at elevane fullfører grunnskuleopplæringa. Elevars rett og plikt til grunnskuleopplæring er regulert fleire stader i lovverket og det er difor viktig å førebygge og handtere ufrivillig skulefråvær tidleg.

Kearney (2008) deler skulefråvær inn i fire kategoriar, der eleven:

1. Unngår skulerelaterte situasjonar som provoserer fram negative kjensler som bekymring og tristheit.
2. Unngår vurderingssituasjonar som munnlege presentasjonar og friminutt.
3. Søker merksemd frå betydningsfulle andre, t.d. føresette, venner utanfor skolen osv.
4. Søker andre forsterkningar og opplevingar utanfor skulen, t.d. vener, data m.m.

Jo Magne Ingul forklarar årsaker ut frå individuelle, relasjonelle og strukturelle forhold. I kartlegginga av årsaker er det viktig å ha med alle perspektiva for å sikre god forståing og iverksetting av rette tiltak (Ingul, 2014).

Ein av dei viktigaste oppretthaldande faktorane ved fråværsproblematikk er det å være borte frå skulen. Fråvær over tid kan føre til at eleven blir sosialt isolert og mister tilhøyrigheita til jamaldrande. Eleven blir gjerne hengjande etter med

skulearbeidet og utviklar negative tankar om det å være på skulen. Over tid utviklar eleven auka angst og oppleving av å kome til kort. Desse konsekvensane av fråvær gjer det vanskelegare og vanskelegare for eleven å kome tilbake til skulen.

1.4. Førebygging av ufrivillig fråvær

Førebygging av ufrivillig fråvær handlar først og fremst om universelle tiltak som rettar seg mot alle barn og unge. Dei førebyggjande tiltaka vil i stor grad inngå som ein del av barnehagen og skulen si generelle tilrettelegging for alle, slik som til dømes systematisk arbeid med å utvikle eit godt psykososialt miljø og fokus på trygg og god gruppe- og klasseleiing. Med psykososialt miljø meinast dei mellommenneskelege forholda i barnehagen og på skulen, det sosiale miljøet og korleis barna, elevane og tilsette oppfattar dette.

Arbeidet med å fremje eit godt psykososialt miljø blant barn og unge kan bidra til å førebyggje ufrivillig fråvær. Aktuelle tiltak rettar seg mot å førebyggje mobbing, auke barn og unge si sosiale kompetanse samt auke trivsel og tilhøyrsløse i barnehagen og på skulen.

Det er også viktig å førebyggje fråvær ved å informere både barn, unge og foreldre om viktigheita av å kome på skulen og ha eit lågt fråvær. Kvar verksemd skal ha slik informasjon som fast rutine ved oppstart av nytt skule-/barnehageår.

1.5. Forståing av fråværet

Dei tilsette i barnehagen og på skulen skal vere merksame på om det viser seg eit mønster i fråværet, til dømes på bestemte dagar (f.eks. måndagar eller idrettsdagar), i dei same enkelttimane (f.eks. musikk eller kroppsøving), ved bestemte aktivitetar eller lærarar. Dersom ein oppdagar eit slikt mønster, må skulen undersøkje dette nærare ved å snakke med elev og føresette. Før tiltak vert sett i verk, treng skulen å vite kva som skaper fråvær, og kva som opprettheld det. Mønsteret i fråvær seier noko om årsaka(-ene) til fråvær, og utløysande faktorar er ofte noko anna enn oppretthaldande faktorar.

Tiltakstrappane nedanfor viser korleis tilsette i barnehage og skule skal gå fram dersom ein er uroa for fråværet til eit barn / ein elev.

FIGUR 1 Opprettholdende faktorer ved skolevegring.



1.6. Risiko- og beskyttelsesfaktorar

Oversikta viser ulike risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar i forhold til utvikling av bekymringsfullt fråvær. Lista er ikkje uttømmende.

	Risikofaktorar	Beskyttelsesfaktorar
Faktorar hjå barnet/ eleven	• Sårbarheit for stress • Sjenertheit og innadvendtheit • Psykiske vanskar • Bekymringar for andre ting • Lav sosial kompetanse • Manglande tilhøyrslø • Få/ingen vener	• God sosial kompetanse • Prososiale dugleikar • Minst éin god ven • Gode meistringsstrategiar • Positivt sjølvbilete • Oppleving av meistring
Faktorar ved familien	• Samspelsvanskar • Psykiske vanskar eller rusvanskar hjå føresette • Manglande grensesetting • Lite sosialt nettverk • Føresette med negative opplevingar knytt til barnehage og skule	• God psykisk helse hjå føresette • Tydeleg og føreseieleg grensesetting • Aktiv involvering i barnets kvardag • Støttande sosialt nettverk • Godt samarbeid heim – barnehage/skule
Faktorar ved barnehagen/ skule	• Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråvær • Høgt fråvær blant tilsette/hyppig vikarbruk • Dårlig barnehage-/ skulemiljø • Lite kompetanse på psykisk helse • Lite kompetanse på barns behov	• Godt system for registrering og oppfølging av fråvær • Tydeleg gruppe-/ klasseleiing • Trygg og god relasjon mellom dei tilsette og barna/elevane • Interne støttesystem • Tidleg involvering av andre tenester • God handlingskompetanse • Førebyggjande og haldningsskapande arbeid

1.7. Kompetanseheving

Alle barnehagar og skular pliktar til å legge til rette for at dei tilsette får anledning til å halde seg fagleg oppdaterte.

Kommunen skal legge til rette for felles kompetanseheving for barnehager og skular og invitere til skulefråværskonferanse minst ein gong årleg.

Tema som skulefråvær, psykososialt miljø, trivsel m.m. skal vere regelmessig tema på personal- og avdelingsmøter i barnehagane og skulane.

Alle tilsette i barnehage og skule skal årleg gjennomføre e-læringskurs som er knytt til temaet barnehagemiljø/ skulemiljø (ligg på Veilederen.no/ Glup.no).

Det ligg lenke til andre nyttige kurs under vedlegg i handlingsretteleiaren.

Kapittel 2: Kunnskapsmodellen «barnets behov i sentrum»

2.1. Om kunnskapsmodellen

Kunnskapsmodellen «barnet sine behov i sentrum» er eit rammeverk for å identifisere og følgje opp barnet sine behov. Den har som utgangspunkt at barnet sin situasjon og behov må forståast i lys av samspelet mellom barnet, foreldre og omgjevnadene (Bufdir¹).

Modellen er i utgangspunktet utarbeidd for barneverntenesta, men kan gi barn og foreldre ei betre oppleving av å bli inkludert og høyrte i eiga sak, også når det kjem til fråvær. Dette fordi modellen presenterer universelle og klare omgrep som løftar moglegheitene for medverknad.

2.2. Kunnskapsmodellens bruksområde

Modellen fungerer som eit konkret verkemiddel i samtalar for betre å forstå barnet sine behov, og kan nyttast som støtte i dialog med barn, familiar og samarbeidspartnarar. Ved å bruke Kunnskapsmodellen kan barnehagane og skulane forbetre kvaliteten på sine analysar, vurderingar og avgjerder. Modellen gir eit solid grunnlag for å identifisere vern og risiko som omgjev barnet. Dette kan hjelpe barnehagar og skuler med å fatte avgjerder basert på barnet sin situasjon og behov (Bufdir)

2.3. Kunnskapsmodellens oppbygging


I sentrum av Kunnskapsmodellen finn vi barnet sjølv. Slik skal modellen bidra til å styrke barnet sin posisjon og rettar. Modellen er forma som ein trekant som representerer tre grunnleggjande dimensjonar for barnet sin utvikling, og som har ulik betydning for barnet sin livssituasjon:

1. Barnet sin utvikling: Barnet si fungering på grunnleggjande område
2. Foreldra si omsorg: Barnet sin omsorgssituasjon
3. Familie og miljø: Barnet sine omgjevnader

Rundt dei tre dimensjonane som omkransar barnet, finn vi dei 11 mest sentrale områda som er viktige for å forstå det vernet og den risikoen som omgjev barnet. Kvar av desse gir delvis informasjon om barnet sin situasjon.

For å forstå barnet sine behov i heilskap, er det nødvendig å sjå på samspelet mellom barnet sin eigen utvikling, foreldra sin omsorg og familie og miljø, og korleis desse dimensjonane påverkar kvarandre. Når behova av ulike årsaker ikkje vert dekt, kan dette innebære ein risiko for utvikling av fråvær.

¹ [Kunnskapsmodellen barnets behov i sentrum | Bufdir](#)



Illustrasjon: Barnets behov i sentrum

2.4. Barnets stemme

Barnet/eleven sitter med den aller viktigaste informasjonen om forklaringane til fråværet. Det er difor viktig å snakke med barnet/ eleven om kva som opplevast som vanskeleg. Barn og unge har behov for å bli involvert i sakar som angår dei. FNs konvensjon om barns rettigheter, artikkel 12, er tydeleg på at borna si stemme skal bli høyrte:

«Partene skal garantere et barn som er i stand til å gjøre danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet. For dette formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett.»²

² FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20. november 1989

Lundys (2007) modell spesifiserar fire områder der barns stemme skal bli høyr:

Rom: Barna skal bli gitt rom og mogleigheiter til å fremje sine synspunkt.

Stemme: Barna skal bli hjulpet til å fremje sine synspunkt.


Publikum: Barnas synspunkt skal bli lytta til av eit relevant publikum.

Influens: Barnas synspunkt skal takast alvorleg og omsettast til passande handling.

Det er difor viktig at barnets meining vert innhenta, vektlagt og dokumentert. Det er barnehagen og skulen sitt ansvar å sørge for at dette vert gjort i det ein skilde høve.

Kapittel 3: Tiltakstrapp for barnehage

Alle tilsette i barnehagen skal kjenne til og følge trinna i tiltakstrappa.



Trinn 1: Førebygging og informasjon

Systemnivå:

- Rettleiing på helsestasjonen i høve gode rutinar, struktur og grensesetting
- Bygge gode relasjonar i barnehagen mellom barn/barn og barn/vaksne
- Fokus på meistringsfølelse, leikekompetanse og sosial fungering
- Alle tilsette i barnehagen skal årleg gjennomføre e-læringskurs som er knytt til temaet barnehagemiljø (ligg på Veilederen.no/Glup.no)
- Tema på foreldremøte i starten av kvart barnehageår:
 - Informerer om samanheng mellom fråvær i barnehage og skule, og viktigheita av å etablere gode rutinar for frammøte i barnehagen.
 - Informasjon om viktigheita av godt samarbeid mellom føresette og barnehagen, og kva ein skal forvente av kvarandre.
 - Fokus på vaksenrolla/føresetterrolla og det å skape robuste barn (det autoritative perspektiv). Bevisstgjering.
 - Ved behov for informasjon invitere inn helsestasjon, barnevern, PPT, nærværsteam eller andre aktuelle instansar til felles foreldremøte
 - Auka fokus på terskelen for fråvær blant førskulebarna (jf overgang til skule). Definere grensa for kva som skal til for at barnet kan/bør vere heime.

Trinn 2: Observasjon og kartlegging

Systemnivå:

- Barnehagane skal ha eit system for registrering av fråvær. (Dei kommunale barnehagane nyttar Visma Flyt Barnehage der ein under fanene «Administrasjon - - Rapportar - - Fravær» får ein fråværstatistikk over alle barna).
- Barnehagen skal ha eit nærværsteam som skal ha ekstra fokus på fråvær. Nærværsteamet organiserast av barnehagen internt og møtast etter fast oppsett møteplan (minimum fire gangar per barnehageår). Omfang av fråvær i dei ulike avdelingane, samt årsak til fråvær skal vere tema. Nærværsteamet skal drøfte om det er naudsynt å sette inn tiltak i barnehagen.

Individnivå (nivå 0 i BTI-modellen):



- Tilsette må definere den uroa dei har for eit barn (bruk gjerne observasjonsskjema).
- Dette kan vere på grunn av høgt fråvær eller mistanke om at barnet ikkje har det trygt og godt i barnehagen.
- Del uroa med leiaren og føresette.
- Avklar om det er grunn til vidare oppfølging

Trinn 3: Oppfølging og tiltak

Individnivå (nivå 1 i BTI-modellen):



- Den tilsette som er uroa for eit barn skal i samarbeid med føresette og barnet kartlegge årsaka til høgt fråvær, avklare heimesituasjonen og identifisere barnets behov for tilrettelegging
- Barnehagen skal legge til rette for tett samarbeid med føresette, etablere gode rutinar for bringing / henting
- Vurder om ein skal opprette ein plan i Visma Samspill (særleg viktig for førskulebarn som det er knytt bekymring til)
- Evaluere og vurdere om tiltaka har gitt ønska effekt. Bruk handlingsretteleiaren i BTI-modellen for å vurdere eventuell vidare oppfølging

Trinn 4: Tverrfagleg samarbeid

Individnivå (nivå 2 i BTI-modellen):



- Barnehaugen kallar inn til BTI-møte (samarbeidsmøte) der ein drøftar bekymringa og eventuelle tiltak, jf. rutine for BTI-møte
- Opprett plan i Visma Samspill (krev samtykke frå føresette), og bruk planmalen som heiter "Bekymringsfullt fråvær i barnehage". Aktuelle personar blir invitert inn i planen, og ein registrerer kven som er ansvarleg for oppfølging av ulike aktivitetar/tiltak.
- Evaluere og vurdere om tiltaka har gitt ønska effekt. Bruk handlingsretteleiar i BTI-modellen for å vurdere om ein bør kople på eksterne samarbeidspartar (nivå 3 i BTI-modellen)

Trinn 5: Overgang til barneskule

Systemnivå:


- Barnehaugen «framsnakkar» skulen og skulestart og normaliserer overgangen
- Barnehaugen og skulen samarbeider for å sikre ein trygg og god overgang for alle barna. Alle barn skal få høve til å gjere seg kjent med den nye skulen/SFO i løpet av vårhalvåret. Dei skal få vite kva som skjer i skulen/SFO, kva dei kan glede seg til og kva som er forventa av dei.
- Barnehaugen overfører generell informasjon slik at skulen kan legge til rette for at barna får vidareført dei erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter dei har tileigna seg i barnehaugen. Barna skal oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule/SFO.
- Viktig at føresette er involvert i arbeidet med ein trygg og god overgang til skule

Individnivå:

- Etter samtykke frå føresette skal barnehaugen sikre at all naudsynt informasjon og kunnskap rundt enkeltbarn blir overført til skulen i god tid før skulestart. Dette skal bidra til at skulen kan førebu seg og legge til rette for at barnet får ein trygg og god overgang.
- Styringsdokumentet er Sykkylven kommune sin «Plan for overgang barnehage/skule».

Kapittel 4: Tiltakstrapp for barneskule

Alle tilsette i barneskulen skal kjenne til og følge trinna i tiltakstrappa.



Trinn 1: Førebygging og informasjon

Systemnivå:

- Skulen jobbar med nærværstiltak der hovudfokus er å skape eit inkluderande fellesskap. Bygge gode relasjonar mellom elev/elev og elev/lærar
- Skulen jobbar kontinuerleg for at alle skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø, med nulltoleranse for mobbing og andre former for krenkingar
- Elevane skal lære å ta ansvar, delta og medverke i arbeidet med skulemiljøet
- Alle elevar skal oppleve meistring
- Alle lærarar skal årleg gjennomføre e-læringskurs som er knytt til temaet skulemiljø (ligg på Veilederen.no/ Glup.no)
- Skulefråvær skal vere eit årleg tema på foreldremøte:
 - Informasjon om korleis skulen jobbar med skulefråvær, og kva konsekvensar høgt skulefråvær kan ha for eleven både på kort og lang sikt (fagleg og sosial utvikling)
 - Informasjon om viktigheita av godt samarbeid mellom føresette og skule, og kva ein skal forvente av kvarandre.
 - Fokus på foreldrerolla/vaksenrolla (det autoritative perspektiv)

Trinn 2: Observasjon og kartlegging

Systemnivå:

- Skulen skal registrere alt fråvær systematisk (Visma Flyt Skole), og jamleg ta ut rapportar for oversikt/utvikling

- Skulen skal aktivere varsling i Visma Flyt Skule (ligg under fanerekka «Grunndata» -- «Varsler» -- «Høyt fravær»). Dette sikrar at kontaktlærer/rektor får varsel om fråvær over eit visst nivå på enkeltelevar
- Skulen skal ha eit [nærværsteam](#) som skal ha ekstra fokus på fråvær. Nærværsteamet organiserast av skulen internt og møtast månadleg (eller oftare ved behov). Omfang av fråvær i dei ulike klassane og klassetrinn, samt årsak til fråvær skal vere tema. Nærværsteamet skal drøfte om det er naudsynt å sette inn tiltak i skulen.

Individnivå (nivå 0 i BTI-modellen):



- Tilsette må definere den uroa dei har for ein elev (bruk gjerne observasjonsskjema). Dette kan vere på grunn av høgt fråvær eller mistanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen.
- Del uroa med leiaren og føresette.
- Avklar om det er grunn til vidare oppfølging.

Trinn 3: Oppfølging og tiltak

Individnivå (nivå 1 i BTI-modellen):



- Den tilsette som er uroa for ein elev skal snakke med eleven straks ein får bekymring knytt til fråvær. Lytt til eleven, spør korleis hen opplever skulekvardagen, og kven på skulen eleven føler seg tryggast på.
- Skulen skal i samarbeid med eleven og føresette kartlegge årsakene til fråværet og eventuelle mønster i fråværet (spesielle dagar eller fag?)
- Prioriter relasjonen mellom lærar og elev, sørg for at eleven opplever fagleg meistring, og jobb for å styrke eleven sine relasjonar til medelevar.
- Ha ein tett dialog med føresette. Avklar heimesituasjonen og korleis føresette opplever fråværet.
- Vurder om ein skal opprette ein plan i Visma Samspill.
- Dersom fråværet skuldast at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø skal det snarast opprettast ein aktivitetsplan i Visma Sikker Sak.
- Evaluere og vurdere om tiltaka har gitt ønska effekt. Bruk handlingsrettleiaren i BTI-modellen for å vurdere eventuell vidare oppfølging

Trinn 4: Tverrfagleg samarbeid

Individnivå (nivå 2 i BTI-modellen):



- Skulen kallar inn til BTI-møte (samarbeidsmøte) der ein drøftar bekymringa og eventuelle tiltak, jf. rutine for BTI-møte
- Opprett plan i Visma Samspill (krev samtykke frå føresette), og bruk planmalen som heiter «Bekymringsfullt skulefråvær». Aktuelle personar blir invitert inn i planen, og ein registrerer kven som er ansvarleg for oppfølging av ulike aktivitetar/tiltak.
- Evaluere og vurdere om tiltaka har gitt ønska effekt. Bruk handlingsretteleiaren i BTI-modellen for å vurdere om ein bør kople på eksterne samarbeidspartar (nivå 3 i BTI-modellen)

Trinn 5: Overgang til ungdomsskule

Systemnivå:


- Ungdomsskulen inviterer føresette til informasjonsmøte i mars/april.
- Elevane skal få generell informasjon om kva som møter dei på ungdomsskulen (rettar, plikter, oppmøte, opplæring m.m.)
- Elevane besøker ungdomsskulen. Eitt informasjonsmøte, og eitt møte for å treffe kontaktlærar og nye medelevar.
- Barneskulen etablerer eit tett samarbeid med ungdomsskulen for å sikre at elevane får ein trygg og god start. Rektor ved barneskulen har hovudansvaret for å legge til rette for ein god overgang.

Individnivå:

- Eleven skal få vite kva som er forventa av hen, og korleis skulekvardagen er på ungdomsskulen.
- Rektor skal sikre samtykke til overføring av nødvendig informasjon i samband med overgang til ny skule.
- Skulen bør legge til rette for at eleven involverast aktivt i overgangen, samt at det leggst til rette for oppfølging i startfasen på ungdomsskulen. For elever med særskilte behov bør det utarbeidast individuell overgangsplan.
- Sikre at aktuelle lærarar får informasjon om særskilte tilretteleggingsbehov som eleven har, og kva vanskar og utfordringar hen slit med, slik at dei kan førebu overgangen. Gjennomføre overføringsmøte i god tid før skulestart, jf. skulen sitt årshjul.

Kapittel 5: Tiltakstrapp for ungdomsskule

Alle tilsette i ungdomsskulen skal kjenne til og følge trinna i tiltakstrappa.



Trinn 1: Førebygging og informasjon

Systemnivå:

- Skulen jobbar med nærværstiltak der hovudfokus er å skape eit inkluderande fellesskap. Bygge gode relasjonar mellom elev/elev og elev/lærer
- Skulen jobbar kontinuerleg for at alle skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø, med nulltoleranse for mobbing og andre former for krenkingar
- Elevane skal lære å ta ansvar, delta og medverke i arbeidet med skulemiljøet
- Alle elevar skal oppleve meistring
- Alle lærarar skal årleg gjennomføre e-læringskurs som er knytt til temaet skulemiljø (ligg på Veilederen.no/ Glup.no)
- Skulefråvær skal vere eit årleg tema på foreldremøte:
 - Informasjon om korleis skulen jobbar med skulefråvær, og kva konsekvensar høgt skulefråvær kan ha for eleven både på kort og lang sikt (fagleg og sosial utvikling)
 - Informasjon om viktigheita av godt samarbeid mellom føresette og skule, og kva ein skal forvente av kvarandre.
 - Fokus på foreldrerolla/vaksenrolla (det autoritative perspektiv)
 - Påpeike dei ekstra konsekvensane av høgt skulefråvær på 10. trinn

Trinn 2: Observasjon og kartlegging

Systemnivå:

- Skulen skal registrere alt fråvær systematisk (Visma Flyt Skole), og jamleg ta ut rapportar for oversikt/utvikling
- Skulen skal aktivere varsling i Visma Flyt Skule (ligg under fanerekka «Grunndata» - «Varsler» - «Høyt fravær»). Dette sikrar at kontaktlærer/rektor får varsel om fråvær over eit visst nivå på enkeltelevar
- Skulen skal ha eit [nærværsteam](#) som skal ha ekstra fokus på fråvær. Nærværsteamet organiserast av skulen internt og møtast månadleg (eller oftare ved behov). Omfang av fråvær i dei ulike klassane og klassetrinn, samt årsak til fråvær skal vere tema. Nærværsteamet skal drøfte om det er naudsynt å sette inn tiltak i skulen.

Individnivå (nivå 0 i BTI-modellen):



- Tilsette må definere den uroa dei har for ein elev (bruk gjerne observasjonsskjema). Dette kan vere på grunn av høgt fråvær eller mistanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen.
- Del uroa med leiaren og føresette.
- Avklar om det er grunn til vidare oppfølging.

Trinn 3: Oppfølging og tiltak

Individnivå (nivå 1 i BTI-modellen):



- Den tilsette som er uroa for ein elev skal snakke med eleven straks ein får bekymring knytt til fråvær. Lytt til eleven, spør korleis hen opplever skulekvardagen, og kven på skulen eleven føler seg tryggast på.
- Skulen skal i samarbeid med eleven og føresette kartlegge årsakene til fråværet og eventuelle mønster i fråværet (spesielle dagar eller fag?)
- Prioriter relasjonen mellom lærar og elev, sørg for at eleven opplever fagleg meistring, og jobb for å styrke eleven sine relasjonar til medelevar.
- Ha ein tett dialog med føresette. Avklar heimesituasjonen og korleis føresette opplever fråværet.
- Vurder om ein skal opprette ein plan i Visma Samspill.
- Dersom fråværet skuldast at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø skal det snarast opprettast ein aktivitetsplan i Visma Sikker Sak.
- Evaluere og vurdere om tiltaka har gitt ønska effekt. Bruk handlingsrettleiaren i BTI-modellen for å vurdere eventuell vidare oppfølging

Trinn 4: Tverrfagleg samarbeid

Individnivå (nivå 2 i BTI-modellen):



- Skulen kallar inn til BTI-møte (samarbeidsmøte) der ein drøftar bekymringa og eventuelle tiltak, jf. rutine for BTI-møte
- Opprett plan i Visma Samspill (krev samtykke frå føresette), og bruk planmalen som heiter «Bekymringsfullt skulefråvær». Aktuelle personar blir invitert inn i planen, og ein registrerer kven som er ansvarleg for oppfølging av ulike aktivitetar/tiltak.
- Evaluere og vurdere om tiltaka har gitt ønska effekt. Bruk handlingsretteleiaren i BTI-modellen for å vurdere om ein bør kople på eksterne samarbeidspartar (nivå 3 i BTI-modellen)

Trinn 5: Overgang til vidaregåande skule (vgs.)

Systemnivå:

- Skulen skal gi elevane karriererettleiing som bidreg til at dei kan ta kvalifiserte utdanningsval på bakgrunn av tilstrekkeleg kunnskap om utdanningsprogramma sitt innhald. Dette skal sikre eleven ein føreseieleg overgang. Elevane skal vite kva som møter dei på VGS (rettar, plikter, oppmøte, opplæring m.m.)
- Ungdomsskulen etablerer eit tett samarbeid med VGS for å sikre at elevane får ein trygg og god start på sitt vidaregåande skuleløp. Rektor har hovudansvaret for å legge til rette for ein god overgang.
- Rektor, assisterande rektor, rådgjevar og alle kontaktlærarane på 10. trinn skal ha god kjennskap til «*Rettleiar for ein trygg og god overgang til vidaregåande skule for ungdom med stort fråvær*» som er utarbeidd av fylkeskommunen. Retningslinene som er utarbeidd i rettleiaren skal følgjast.

Individnivå:

- Ungdomsskulen set opp møte(r) med elev/føresett der ein gir ei individuell orientering om utdanningsval og drøftar dette på bakgrunn av eleven sine interesser. Eleven skal få vite kva som er forventa av hen, og korleis skulekvardagen er på VGS.
- Ungdomsskulen skal trygge eleven på moglegheitene for alternative måtar å få vidaregåande opplæring på (tilpassa løp, praksisbrev, fagkompetanse i bedrift, opplæringskontrakt m.m.)

- Skulen bør legge til rette for at eleven involverast aktivt i overgangen, samt at det leggast til rette for oppfølging i startfasen på ungdomsskulen. For elever med særskilte behov bør det utarbeidast individuell overgangsplan.
- Støtt eleven og legg til rette for at hen klarer å gjennomføre hospitering ved aktuell VGS. Avklar kven som eventuelt skal følgje eleven på hospitering.
- Rektor/ assisterande rektor skal sikre samtykke til overføring av informasjon i samband med innsøking til VGS. Sikre at aktuelle lærarar på VGS får informasjon om individuelle behov eleven har, og kva vanskar og utfordringar hen slit med, slik at dei kan førebu overgangen.
- Gjennomføre overføringsmøte i god tid før skulestart, jf. skulen sitt årshjul.
- Oppfølgingstenesta skal koplast på dersom ein elev ikkje søker vidare skulegang.

Kapittel 6: Evaluering og revidering

Handlingsretteiaren skal reviderast årleg ved overgang til nytt barnehage- og skuleår. Det er kommunalsjef oppvekst som står som eigar for handlingsretteiaren. Revidering av planen delegerast til BTI-basisgruppa.

Kapittel 7: Oppsummering

Årsakene til bekymringsfullt fråvær i barnehage og skule kan vere mange og komplekse. Difor finst det inga fast oppskrift eller ein quick-fix på korleis desse problema kan løysast. Det kan dreie seg om individuelle årsaker (t.d. psykiske helseutfordringar som angst, depresjon og sosial fobi). Det kan dreie seg om strukturelle problem i barnehagen eller skulen (oppleving av mobbing, utanforskap eller konflikhtar med medelevar/lærarar). Det kan dreie seg om lærevanskar eller høgt press (elevar som slit fagleg, har låg meistringskjensle, og opplever høge krav og forventningar som dei ikkje klarer å innfri). Det kan også dreie seg om familierelaterte utfordringar (samlivsbrot, omsorgssvikt, sjukdom i familien m.m.). Eller det kan ha heilt andre årsaker. Og ofte er det ein kombinasjon av fleire faktorar.

Før ein kan sette inn relevante hjelpetiltak for barnet/eleven, er det ein føresetnad at barnehagen/skulen klarer å nøste opp i kva som er årsakene til det bekymringsfulle fråværet. Viss ikkje står ein i fare for bruke mange ressursar på tiltak som ikkje endrar årsaka til vanskan. Difor er samarbeidet mellom heimen og barnehage/skule særskild viktig. Det er dei føresette som kjenner sitt eige barn best. Samtidig er barnet/eleven si eiga stemme den aller viktigaste kjelda til å kunne avdekke årsakene til bekymringsfullt fråvær. Ein felles plan mellom heim og barnehage/skule gir tryggleik for barnet/eleven. Dette sikrar at alle dreg i same retning, at tiltaka er samkøyrte, og at tiltaka blir gjennomførte både i barnehage/skulen og heime. Dette kan til dømes gjelde faste rutinar, tilrettelegging eller oppfølging av helsetenester. Når heim og barnehage/skule snakkar saman og jobbar mot same mål blir det også lettare å unngå misforståingar.

Barn/elevar merkar når dei vaksne samarbeider godt. Det gir ei kjensle av tryggleik og at ein blir tatt på alvor. Bekymringsfullt skulefråvær kan medføre store konsekvensar for den einskilde elev. Kortsiktige konsekvensar er gjerne faglege hol, sosial isolasjon, auka psykisk uhelse eller konflikhtar i heimen. På lang sikt kan det medføre manglande utdanning, vedvarande psykiske vanskar, lågare livskvalitet m.m. Dette må vi gjere alt for å unngå. Difor er det å gripe inn tidleg og jobbe systematisk for å hjelpe eleven tilbake til skulen, heilt avgjerande for å førebygge alvorlege konsekvensar. Dette må gjerast med støtte frå både føresette, barnehage/skule og eventuelt andre hjelpeinstansar.

Ressursar

Nyttige lenker

[Plikt til å følge opp fravær | udir.no](#)

[Dei 7 H'ar frå StatPed](#)

[Saannviljehadet.no](#)

[Permisjonsreglement for elevar i grunnskulen](#)

[Rettleiar frå Udir om overgangar for barn og elevar med behov for tilrettelegging](#)

[Livet og sånn - tiltakspakke skulefråvær 1.-7. trinn](#)

[Barn og unges helsetenester \(samhandlingsforløp\)](#)

Nyttige verktøy og skjema

[Kartleggingsskjema skolesituasjon](#)

[Samtaleverktøy etter mobbing - Livet og sånn](#)

[Tiltakspakke mobbing - Livet og sånn](#)

[Visuell støtte - Livet og sånn](#)

[Mål og tiltaksplan - Livet og sånn](#)

[Måltrapp - Livet og sånn](#)

Meir om BTI

[BTI handlingsretteleiar](#)

[Tiltaksoversikt for Sykkylven kommune](#)

[Rutine BTI møte](#)

[Samtykke](#)

[Visma Samspill - Login](#)

[Brukarretteleing for oppretting av plan i Visma Samspill](#)

Nyttige kurs

[Digitale kurs om likestilling, mangfold og menneskerettigheter | Bufdir](#)

[Kurs og kompetanse - Statped](#)

Kjelder

Ingul, J. M., Klöckner, C. A., Silverman, W. K. & Nordahl, H. M. (2012). *Adolescent school absenteeism: Modelling social and individual risk factors*. Child and Adolescent Mental Health, 17(2), 93-100. <https://doi.org/10.1111/j.1475-3588.2011.00615.x>

Studien viser at skulefråvær heng saman med både individuelle, familiære og skulerelaterte risikofaktorar.

Ingul, J. M. (2014). *Anxiety and Social Phobia in Norwegian Adolescents: Studies of risk factors, school absenteeism and treatment effects*
https://www.forebygging.no/globalassets/jo_magne_ingul_phd.pdf

Doktoravhandlinga undersøker særleg samanhengen mellom angst, sosial angst og problematisk skulefråvær.

Kearney, C. A. (2008). *School absenteeism and school refusal behavior in youth: A contemporary review*. Clinical Psychology Review, 28(3), 451-471.
<https://www.sciencedirect.com/science/article/abs/pii/S027273580700133X>

Dette er ein oversiktsartikkel som samanfattar kunnskap om skulefråvær, skulevegring, risikofaktorar, kartlegging og tiltak.

Lundy, L. (2007). 'Voice' is not enough: Conceptualising Article 12 of the United Nations Convention on the Rights of the Child. British Educational Research Journal, 33(6), 927-942. <https://bera-journals.onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1080/01411920701657033>

Denne løftar fram barnet si medverknad gjennom dei fire elementa: Space, Voice, Audience og Influence. Det er eit sentralt perspektiv når ein skal forstå elevens egne erfaringar med fråvær og finne gode tiltak.

Vedlegg

Vedlegg 1: Nærværsteamet

Nærværsteamet skal bidra til tidleg avdekking, kartlegging og oppfølging av barn og elevar med bekymringsfullt fråvær, slik at nærvær, trivsel og meistring blir styrka.

Prinsipp:

- barnet/eleven si stemme skal bli høyrte og vektlagt
- føresette er viktige samarbeidspartnarar
- fråvær skal møtast med nysgjerrigheit og støtte

Kvar barnehage og skule etablerer eit nærværsteam og avgjer samansetjing ut frå lokale behov og ressursar. Leiinga har ansvar for at teamet er operativt og fungerer etter føremålet.

Arbeidet skal vere prega av tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Tiltak skal byggje på barnet eller eleven sine ressursar, behov og perspektiv.

Nærværsteamet skal:

- drøfte saker knytt til bekymringsfullt fråvær
- bidra til systematisk kartlegging av årsaker og oppretthaldande faktorar
- sikre at føresette og/eller barnet/eleven blir involverte tidleg
- ansvar for at sak blir oppretta i Visma Flyt Samspill
- støtte tilsette i planlegging og gjennomføring av tiltak
- koordinere samarbeid med andre tenester ved behov i tråd med gjeldande rutinar og krav om samtykke
- følgje opp og evaluere tiltak over tid
- dokumentere kartleggingar, vurderingar, tiltak og evalueringar i tråd med gjeldande rutinar for personvern og journalføring.

Evaluering av nærværsteamet

Leiar ved kvar eining skal jamleg evaluere organiseringa og arbeidet i nærværsteamet for å sikre at det bidreg til auka nærvær og tidleg oppfølging.